



Selje kommune

Innkalling

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunehuset, 2. etg.
Dato:	26.01.2017
Tid:	Kl. 14:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå snarast råd til tlf. 57858500 eller til post@selje.kommune.no, slik at varamedlem kan bli kalla inn.

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Orientering:
Ekstraordinært møte

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/17	Godkjenning av møteprotokoll
002/17	Referatsaker
003/17	Ein ny kommune - Eid og Selje

Eventuelt

Selje, 18.01.17

Stein Robert Osdal
ordfører



Selje kommune

Arkiv: FE - 033
JournalpostID: 17/152
Saksbehandlar: Unni Eltvik Hovden

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/17	Kommunestyret	26.01.2017

Godkjenning av møteprotokoll

Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 15.12.16 vert godkjent slik den ligg føre.



Selje kommune

Arkiv: FE - 033
JournalpostID: 17/276
Saksbehandlar: Unni Eltvik Hovden

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/17	Kommunestyret	26.01.2017

Referatsaker

Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.



Selje kommune

Arkiv: FE - 024, HIST -
16/20158
JournalpostID: 17/158
Saksbehandlar: Ørnulf Lillestøl

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/17	Formannskapet	19.01.2017
003/17	Kommunestyret	26.01.2017
003/17	Råd for eldre og funksjonshemma	17.01.2017

Ein ny kommune - Eid og Selje

Bakgrunn for saka:

Det vert vist til kommunestyresak som vart handsama i juni 2016. Denne oppsummerer bakgrunn for reforma og prosessen frå oppstart i Nordfjord i 2014. Rådmannen tilrådde i den saka å slå saman Vågsøy og Selje. Kommunestyret vedtok samrøystes;

«Selje kommunestyre seier nei til samanslåing med Vågsøy åleine. Dette med bakgrunn både i folkerøystinga og det faktum at ein uansett ser dette alternativet som for lite. Samstundes ser ein dei store økonomiske utfordringane knytta til å stå åleine.

Basert på dette ber Kommunestyret politisk og administrativ leiing om å sondere ulike alternativ for ei framtidig samanslått kommune.

Sluttresultatet skal handsamast i Formannskapet og Kommunestyret.

Med dette opphevar ein tidlegare intensjonsavtale»

I september 2016 vart det klarlagt at Fylkesmannen til tross for eit samrøystes kommunestyrevedtak i Selje tilrådde at Vågsøy og Selje vert ein kommune frå 01.01.20.

Selje kommunes stod då ovanfor 3 alternativ.

1. Gjere eit forsøk på å få lagt inn tilstrekkeleg nye «fordelar» ved ei samanslåing med Vågsøy i høve tidlegare utgangspunkt.
2. Overlate til statleg mynde å vurdere og vedta evt samanslåing
3. Gjere forsøk på å kome i dialog med andre kommunar.

Alternativ 1.

Det vart kort tid etter at Fylkesmannen si tilråding vart kjend, avhalde møte med Vågsøy. Det vart der frå Selje si side presisert at det må tilførast nye moment og nye «fordelar» med ei slik samanslåing dersom saka skal presenterast for kommunestyret på ny. Kommunestyret i Selje var såpass tydeleg i juni at det må leggjast inn nye sjølvstendige funksjonar til Selje dersom saka skal opp på ny. I drøftingane med Vågsøy kom det ikkje fram nye moment av eit slikt omfang at det skulle ha noko

hensikt.

I etterkant av dette møtet arbeida Selje med å greie ut aktuelle funksjonar som kunne vere tilstrekkeleg «vektige» til å kunne snu kommunestyret. Eit framlegg var å leggje kommunesenteret til Selje. Eit anna som tidlegare er avvist frå Vågsøy si side er plan/næring/kultur/turisme. Forhandlingar med Vågsøy vart då avslutta.

Alternativ 2.

Dette alternativet er vurdert som passivt og vil ikkje gje Selje noko forhandlingsposisjon i prosessen fram mot 01.01.2020. Slik situasjonen framsto i haust ville det medføre at Selje enten vert ståande aleine vidare som eigen kommune eller vert vedtatt samanslått med Vågsøy. Kommunestyret sin intensjon har i heile prosessen vore å skape ein større kommune.

Alternativ 3

Det vart i haust også drøfta strategiar for den vidare prosessen. Formannskap og kommunestyre gav forhandlingsutvalet mandat til å sonde og drøfte vidare med Eid og Vanylven kommunar. For Vanylven sin del vart denne sonderinga avslutta med eit svar om at dei ynskjer ein kystkommune og forutset at søre Sunnmøre deltek i ein ny kommune. Eid kommune er positiv til vidare drøftingar og på eit fellesmøte i desember var det semje mellom forhandlingsutvala om å utarbeide ein intensjonsavtale som tek sikte på å sikre tilstrekkeleg begge kommunane sine interesser og derved vedta ei framtidig samanslåing av Eid og Selje kommunar.

Intensjonsavtale

Forhandlingsutvala i Selje og Eid har framforhandla ein intensjonsavtale. Denne fylgjer denne saka vedlagt.

Avtalen inneheldt fylgjande hovudpunkt;

- Mål
- Nye oppgåver til ein ny kommune
- Gode tenester – organisering og lokalisering
- Politisk styring
- Kommunenamn og kommunevåpen
- Målform
- Interkommunale selskap/samarbeid
- Økonomi
- Samordning av planverk
- Arbeidsgjevarepolitikk
- Samfunns- og næringsutvikling
- Tilhøve til andre kommunar

Demokratisk forankring

Det er no vurdert nye undersøkingar. Ideelt sett burde det no vore gjennomført ei liknande undersøking som den som var i 2015. Dette krev god informasjon til innbyggjarane på kva som er realistiske alternativ og kva faktagrunnlag som fylgjer av desse alternativa. Forhandlingsutvala har konkludert med at vi no har ein absolutt frist til årskiftet og vi har fått utsett denne til midten av januar. Det er då ikkje praktisk mogeleg å gjennomføre ein informasjonsrunde, bearbeiding av resultat og innarbeide desse i eit saksgrunnlag og fatte vedtak i formannskap og kommunestyre innan dei fristane som no føreligg.

Her litt kort informasjon om resultat frå undersøkinga i 2015.

Spørjeundersøking

I perioden 04.-12.08. 2015 vart det gjennomført ei innbyggjarundersøking i regi av Sentio Research. Undersøkinga vart gjennomført på telefon, og besto av et utval på 1850 personer frå kommunane i Nordfjord-regionen der 273 var frå Selje kommune .

Spørsmåla var forma på generell basis, og arbeidet med kommunereforma i kommunen var mindre kjend blant innbyggjarane på dette tidspunktet..

Dei kommunane som utmerka seg som alternativ for samanslåing med Selje var Vågsøy og Eid. 64% meinte at Vågsøy var eit alternativ og 30 % meinte Eid. Vanylven var ikkje svaralternativ i denne samanhengen. 41% av dei spurde meinte og at å sjå mot Sunnmøre var eit alternativ, mens 7% meinte at heile Nordfjord var aktuelt.

Elles var retninga positiv i høve samanslåing av kommunar generelt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Selje godkjenner intensjonsavtalen mellom Selje og Eid slik den ligg føre og seier ja til samanslåing av kommunane frå 01.01.2020

Vedlegg i saka:

09.01.2017	Intensjonsavtale - Eid og Selje kommune	1328870
12.01.2017	Utgreiingsdokument Selje - Eid	1329024
12.01.2017	Vedlegg Tabellar FS sak 19.01.17	1329036

Råd for eldre og funksjonshemma 17.01.2017:

Handsaming:

4 voterande

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 4 røyster for. Samrøystes

EF- 003/17 Vedtak:

Kommunestyret i Selje godkjenner intensjonsavtalen mellom Selje og Eid slik den ligg føre og seier ja til samanslåing av kommunane frå 01.01.2020

Saksopplysningar:

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommunelova, Kommuneinndelingslova, stortingsvedtak om kommunereform

Vedlegg: Framforhandla intensjonsavtale

Utgreiingsdokument

SELJE KOMMUNE - VIDAREFØRING AV DAGENS KOMMUNESTRUKTUR

Dette alternativet er no mindre relevant. Det vert vist til saksutgreiing frå juni 2016 som synleggjer desse sidene. Omtalat her nokre hovudpunkt.

Folketalsutvikling

Det hefter stor usikkerheit rundt framskriving av folketal. Det skjer ei sterk sentralisering rundt dei store byane. Folk i aldersgruppa 20-30 år flytter frå dei små kommunane. Dette forsterkar utfordringane inn mot den kommunale tenesteproduksjonen. Det vil krevje at ein stiller spørsmål om kva tenestebehov som er naudsynt dei neste 10 – 20 åra.

Tabell - Sjå vedlegg

Framtidig tenestebehov

Estimert framtidig tenestebehov i årsverk per 1000 innbyggjar 20 – 66 år
Selje kommune:

Tabell – Sjå vedlegg

Ein av dei største utfordringane i høve rekruttering av relevant kompetanse vil vere innafor pleie og omsorg. Andelen eldre innbyggjarar aukar dramatisk dei neste 20 - 25 åra. Ei lita kommune vil vere svært sårbar i høve tilgangen på spesialkompetanse. Dette gjeld og andre sektorar.

I tillegg vil kommunen som arbeidsgjevar vere i konkurranse med andre aktørar i arbeidsmarknaden, som til dømes privat sektor.

Tilstrekkeleg-distanse

Innbyggjarane og næringslivet skal ha avgjerder som bygger på lov og rettsriktig handsaming. Det føreset upartisk og effektiv sakshandsaming. Teieplikt og anonymitet er meir krevjande i mindre einingar. Det krev og relevant tilstrekkeleg kompetanse i kommunen. Mindre einingar har etter kvart problem med å sikre både breidde og djupne i kompetansen og habilitet er ofte eit problem. Særleg kan dette gjelde tenester som barnevern og omsorgstenester, men og innafor tenester som plan og utvikling.

Det er derfor viktig å ha dette i fokus i alle samanhengar og leiarane må vere oppmerksame på at dette kan vere ei problemstilling i små kommunar, både når det gjeld tilsette og politikarar.

Effektiv-tenesteproduksjon

I åra som kjem vil det vere stadig auka bruk av digitalisering. Dette vert krevjande å møte for små kommunar.

Ein vil framleis oppleve krav om effektivisert offentleg tenesteproduksjonen, og at verkemidlane vil vere konkurransenutsetjing, ønskje om strukturelle endringar som for eksempel kommunesamanslåingar og ulike former for interkommunalt samarbeid og selskapsdanningar.

I tillegg til kompetansebehovet, vil det og verte større behov for nyinvesteringar og auka bemanning. Ein er avhengig av god kommuneøkonomi og statlege tilskot for å finansiere dette.

Årsakene til dette vil m.a. skuldast: Meir bevisste og kravstore brukarar, utvida bruk av rettigheter og forventningar om individuell tilpassing, statlege gode velferdsordningar som ikkje vil bli fullfinansierte og demografisk utvikling.

Auka krav til kommunen som maktutøvar kjem med fleire lovpålagde rettar og plikter, fleire og meir komplekse einskildvedtak og auka krav til rapportering.

Tenestene vert fleire og meir spesialiserte. Innbyggjarane set høgare krav til kvalitet. Dette utfordrar kapasitet og kompetanse. I tillegg har den statlege sektorstyringa, og særleg regelstyringa, blitt meir detaljert.

Økonomisk-soliditet

Ei viktig føresetnad for at kommunen kan levere gode velferdstenester er god kontroll på økonomien og kan handtere uforutsette hendingar.

Folketalsutviklinga vil gje kommunen mindre inntekter basert på inntektssystemet. Ein må pårekne å måtte gje betre tenester med mindre økonomiske rammer på kort og lang sikt.

Område som kan ha påverknad for den framtidige kommuneøkonomien er :

- Folketalsutviklinga
- Nytt inntektssystem.

Dei frie inntektene til kommunen består av rammetilskot og skatteinntekter :

Tabell – Sjå vedlegg

I nytt inntektssystem er dette viktige punkt:

I dag: Full kompensasjon for smådriftsulemper. Basiskriteriet: 13,2 mill. per kommune i 2016

•To typar smådriftsulemper:

På tenestenivå

På kommunenivå

•Regjeringa sitt forslag:

•Tenestenivå: mål på busettingsmønster fangar opp smådriftsulempene, som i dag

•Kommunenivå: ufrivillige smådriftsulemper fanges opp ved å differensiere basistilskotet.

Nytt inntektssystem er i seg sjølv ikkje særleg utfordrande. Siste meldingar vi får vil medføre stabil

eller ein svak auke i samla overføringar.

Kommunar som bestemmer seg for å slå seg saman i denne stortingsperioden, får behalde basistilskot og regionalpolitiske tilskot som i dag uavkorta i 15 år, og deretter få ei nedtrapping over fem år.

Ved vedtak om endringar vil kommunane motta tilskot i overgangs/etableringsperioden.

Oppsummering – framleis Selje kommune.

Kommunen yter gode tenester i dag innan dei «store» tenestområda skule, pleie og omsorg og barnehage. Det er krevjande å sikre tenester innan meir utsette områder, som legetenester, helsestasjon, barnevern, ppt, rus, psykiatri.

Ein vil måtte møte auka trong for tenester med mindre menneskelege og økonomiske ressursar. Dette vil sette strukturar under press og opne for auka bruk av bemanningsbyrå, interkommunale tenester som er lokalisert andre stader og kjøp av tenester hjå andre aktørar. Den demografiske utviklinga vil krevje auke i ressursar til eldreomsorg. Dette kan til ein viss grad dempast ved effektivisering og digitalisering. Dette vil kunne utfordre demokratisk styring, auke trongen for administrativ kapasitet og ressursar til utviklingsarbeid.

Det skjer ei sentralisering i samfunnet som vanskeleg let seg snu i eit omfang som påverkar hovudtrekket i utviklinga. Dette må ein ta omsyn til når ein skal bygge framtidig kommunestruktur.

Stortinget sitt reformopplegg legg ei sterk økonomisk føring på arbeidet og grunnlaget for å drive Selje vidare som i dag, blir vanskeleg når kommunane sine oppgåver i så stor grad er finansiert av staten.

Isolert sett legg nytt inntekstsystem opp til å skjerme kommunar som Selje.

Vurdering / konsekvensar

Rådmannen trekkjer her fram nokre moment for nærare vurdering. Det er ei krevjande oppgåve å omtale alle moment og spørsmål som kan ha konsekvensar for denne beslutninga.

Samfunnsutvikling

Ein større kommune vil gje betre føresetnader for å påverke faktorar som er viktige for styrking av næringslivet. Kommunane samarbeider i dag om fleire av desse prosjekta som omhandlar både kommunikasjon og infrastruktur. Selje kommune har dei seinare åra ikkje hatt ressursar til å vere ein tilstrekkeleg aktiv utviklar og tilretteleggjar. Kommunen har retta forventingar mot seg innan reiseliv, næringsutvikling elles, planlegging og evna til å bidra økonomisk. Det skapar frustrasjon når kommunen må nytte alle ressursar på å drive tenester og sikre lovheimla service til brukarar av tenestene våre.

Manglande ressursar har også medført for lav aktivitet på samarbeid og satsing for å auke innbyggjartal – bustadtilrettelegging, marknadsføring av kommunen, samarbeid om etablering av arbeidsplassar osv.

Tenesteproduksjon

Kommunen handterer i stor grad basistenestene på ein god måte. Vi opplever i periodar å vere svært sårbar i rekruttering og utskiftingar i nokre tenester. Innan helsetenester – barnevern, ppt. Kvar utfordringane er varierer frå tid til anna, men vi erfarer at dette er kritisk og om vi skal etablere

større grad av robustheit som liten kommune så vil dette koste såpass mykje at det vil utfordre andre tenester negativt.

I løpet av det siste tiåret har krava til kvalitet og omfang av tenestene auka kraftig. Spesielt gjeld dette innan helsetenestene. Om vi tek utgangspunkt i at denne utviklinga vil halde fram dei neste tiåra så vil dette utfordre kommunen til å auke ressursbruken monaleg på dette området. Desse tenestene er lovheimla med rettar innbyggjarane skal ha på same måte som i alle kommunar. Om vi også ser på demografiutviklinga (befolkningsframkrivingar frå SSB) så ser vi at andelen eldre aukar kraftig samtidig som relativ andel av befolkninga som skal finansiere og drive tenestene går ned. Kostnadene ved tenesteproduksjon vil auke, noko som vil avgrense kommunen sitt prioriteringsrom, krevje omprioriteringar med mindre mulighet for å utvikle kommunen og arbeide for auka sysselsetjing og innbyggjartal.

Som eigen kommune er vi også sårbare i høve nye krav som kjem frå sentralt hald. Vi er «svakare» i påverknad og sårbare i høve nye krav til organisering og kompetanse.

Konkurransen om arbeidskraft vil auke i dei næraste tiåra. For Selje kommune vert denne forsterka ved auke i talet på eldre med behov for og rett på betre og meir omfattande tenester. I det neste tiåret vil det i Selje kommune vere behov for ein netto auke i arbeidsplassar lokalt. (Reduksjon i oppvekst og auke i helsetenester til eldre).

Økonomisk bæreevne/bærekraft

Nytt inntektssystem

Det er framleis ein del usikre moment knytta til nytt inntektssystem. Prognosane som er utarbeida indikerar at Selje er av dei kommune som i utgangspunktet ikkje vil få reduserte overføringar. (sjå berekningsmodell/fordeling til kommunane i sf på Fylkesmannen si side)) Dette er positive signal. Dei ulike kriteria som er lagt til grunn i nytt inntektssystem sikrar Selje utifrå geografi og avstandar, og struktur. Inntektssystemet slik det føreligg no vil openbart samanlikna med ein del nabokommunar, avhjelpe utfordringane vi vil få framover som eigen kommune. Samanhalde med eks Vågsøy og Eid kommunar er vi i utgangspunktet godt stilt.

Økonomiske utfordringar

Selje kommune har dei seinare åra hatt eit drifstnivå og kostnadsnivå som er høgare enn inntektene gjev rom for. Vi er no inne i ei relativt kraftig omstilling som inneberer reduserte tenester. Målet er at vi i løpet av 2017 og 2018 skal stabilisere drifta på eit realistisk nivå. Dette arbeidet har medført reduksjonar innan dei fleste sektorane. Vi nyttar det meste av vår leiingskapasitet og styring til å kutte kostnader, vurdere kost/nytte, omorganisere og effektivisere. Vi har i realiteten svært lite ressursar til å skape utvikling, læring, samarbeid og alliansar. Kontinuerleg kostnadsreduksjonsfokus kan også skape for liten evne til å sjå nye muligheter, vere tilstade der nye idear vert skapt. Der det å investere 100.000,- vil ha potensiale til å gje oss det fleirdobbelte i resultat. Vi vil risikere å ikkje ha tilstrekkeleg ressursar til å investere i barn og ungdom, tilsette, folkehelse, trivsel som på sikt vil gje oss auka ressursar og reduserte kostnader.

Rådmannen sin (kanskje litt negative) analyse er at Selje kommune nok truleg på bakgrunn i nytt inntektssystem kan halde fram slik dei komande åra. På sikt vil vi likevel vere ein kommune med for lite ressursar til å utvikle kommunen som heilskap for å motverke redusert innbyggjartal og for liten utvikling innan næringsliv og lokalsamfunn ellers.

Demokrati

Det er stilt ei rekkje spørsmål ved korleis kommunereforma kan oppfattast som tiltak for å styrkje lokaldemokratiet. For å vurdere det spørsmålet må vi leggje ei heilskapleg tilnærming til grunn. I ein meir ideell situasjon der kommunestyret kan velje og prioritere mellom barnehage, og skulesatsing, tiltak for å utvikle folkehelse, kultursatsing og korleis utvikle lokalsamfunna våre i Selje kommune, så kan dette vere vanskeleg å sjå. I eit meir realistisk framtidsbilete (etter rådmannen si vurdering) vil kommunestyret verte utfordra slik vi kjenner så godt til, på spørsmål utan alternativ. Eit kommunestyre som skal fatte vedtak utan alternativ, men vert «tvunge» utifrå lovkrav kan ikkje oppfattast som eit velfungerande lokaldemokrati.

Folkerøysting og innbyggjarundersøking

Desse tilbakemeldingane går som råd til kommunestyret direkte. Rådmannen registrerer at det i innbyggjarundersøkinga er eit fleirtal for å slå kommunen saman med andre kommunar. I folkerøystinga er det fleirtal mot aktuelt alternativ som er framforhandla. Spørsmål om endra kommunestruktur er komplisert og uoversiktleg og det er viktig at kommunestyret har ei heilskapeleg tilnærming og vurdering av spørsmålet basert på alle moment av betydning. Det er kommunestyret som fattar vedtak og som i ettertida må ta ansvar for denne beslutninga. I drøftingar i kommunestyret no i haust har rådmannen antyda at det burde vore gjennomført ei ny innbyggjarundersøking. Ny intensjonsavtale var klar no i starten av januar med frist til å sende kommunestyrevedtak til fylkesmann og departement i midten av januar. Det er ikkje kapasitet og tid til å gjennomføre ei ny folkerøysting basert på konkret intensjonsavtale no før endeleg vedtak. Om ei innbyggjarundersøking skulle ha relevans, så krev dette informasjon om alternativ, om aktuell intensjonsavtale og om dei faktorene som styrer og påverkar val kommunestyret no må ta.

Samanslåing Selje - Eid

Intensjonsavtale og konsekvensar ved samanslåing

Vedlagt intensjonsavtale liknar på den som vart framforhandla mellom Eid og Gloppen og mellom Eid, Vågsøy og Selje i 2015. Avtalene er intensjonar og verdiar som skal leggjast til grunn i arbeidet med å byggje ein ny kommune. Alle kommunar kring Selje har utfordringar av ulikt slag og vil møte ei krevjande framtid med å sikre det som er omtala over i vurderingstema her. For å sikre tenester,, kvalitet og utvikling må kommunane rasjonalisere som del av ein samanslåingsprosess. For å sikre grunnleggjande helsetenester, barnehage og skule så vil antalet arbeidsplassar og kostnader til administrasjon måtte reduserast. Selje har ein god posisjon i forhandlingar om plassering av fellestenester fordi vi kjem relativt godt ut av endringa i inntekt systemet, vi etter kvart vil ha økonomisk balanse og fordi vil så langt i forhandlingar om intensjonsavtale har fått gjennomslag for fordeling av arbeidsplassar i dei ulike kommunehusa. Som nemnt over, vil auken i kommunale arbeidsplassar skje lokalt og i stor grad i helse og omsorgssektoren.

Einaste reelle alternativ no er ei samanslåing med Eid. Ei samanslåing med Eid vil skape auka tryggleik for tenester som i dag er svært sårbare, det vil gje oss samla ei kraftig økonomisk drahjelp i form av eingongstilskot og stimuleringsstilskot til endring og utvikling. Det vil samla betre inntekstgrunnlaget for kommunane, vi vil i felleskap kunne nytte kritisk kompetanse i heile den nye kommunen og vi vil kunne rasjonalisere for å oppretthalde tenester direkte til innbyggjarane våre.

Vi skulle etter rådmannen sin vurdering ha slått saman fleire kommunar. Selje og Eid vil kunne danne ein ny kommune på under 9000 innbyggjarar. Denne er liten i høve til å ta ansvar for oppgåver innan IKT, helse som vi i dag har interkommunale ordningar for å handtere. Den kan også verte liten i høve det å sikre krevjande nye oppgåver utan å vere avhengig av nye/utvida interkommunale samarbeidsordningar.

Økonomi

Den nye kommunen sin økonomi

Kommuneøkonomien set grenser for kva oppgåver kommunane kan ta på seg og korleis oppgåvene blir løyste. Det er ikkje mogleg å seie noko sikkert om korleis denne økonomien blir, men det vi veit er følgjande:

For å legge til rette for overgang til ein ny kommune for kommunar som slår seg saman, vil regjeringa nytte positive økonomiske verkemiddel som kan stimulere til kommunesamanslåingar i reformperioden.

Departementet vil dekke nødvendige eingongskostnader ved samanslåinga etter ein standardisert modell. Kommunar som slår seg i hop, vil kunne få reformstøtte for å lette overgangen til ein ny kommune, og dagens ordning med inndelingstilskotet vert vidareført.

Inntektssystemet

I tabellane nedanfor er det gjort berekningar for verknader i inntektssystemet for samanslåing av Eid og Selje.

Berekningane er utarbeidde basert på 2017 inntektssystemet, og grunnlaget er etter avtala om nytt inntektssystem mellom regjeringspartia og Venstre, samt kommuneprop. 2017 og statsbudsjettet 2017. Samanlikning mellom dagens kommunar og samanslåing (tabell endring overføring inntektssystemet) er illustrert med ei samanslåing gjeldande frå 2017. Ettersom inndelingstilskotet er berekna slik inntektssystemet er i 2016, vil det vere endringar i inntektssystemet fram til eit ev. tidspunkt for samanslåing som vil påverke differansar i rammetilskotet mellom dagens kommunar og ev. ei ny kommune.

Presiserer at det ikkje er teke omsyn til at:

- Ei kommunesamanslåing vil kunne gje utslag i sone- og nabokriteriet i utgiftsutjamninga, slik at den nye kommunens kriterieverdi ikkje er lik summen av kriterieverdiane for dagens kommunar. Dette er eit utslag som det ikkje er mogleg å føreta berekningar for, då det vil krevje at SSB førete nye berekningar for ny kommune (dette er eit betalt oppdrag frå SSB). Det er særleg utslag for sone-kriteriet som kan gje størst utslag i utgiftsutjamninga.
- Det kan ev. vere andre element enn skatt og rammetilskot som blir påverka av ein kommunesamanslåing (t.d. arbeidsgjevaravgift, tilskot inndelt etter distriktpolitiske verkeområde og landbruksstøtte)

Vidare må ein vere merksam på at dei berekningar som er gjort er ei isolert analyse for aktuelle kommunar, der resten av kommune-Norge er som i dag. Blir det fleire kommunesamanslåingar i landet vil dette påverke storleiken på samla inndelingstilskot, og finansieringsbehovet for dette. Dette vil igjen kunne påverke rammeoverføringane til kommunane, slik at resultatet blir annleis enn i dei vedlagte berekningane.

1. Berekning knytt til inndelingstilskot ved samanslåing Eid og Selje:

	kroner	tal	kroner	sum
Tapte basistilskot	13 179 695	1		13 179 695
Eitt tapt småkommunetilskot (Selje)			5 475 000	
Distriktstilskot 2016 - dagens kommunar			1 431 180	
Distriktstilskot ny kommune 2016 der distriktsindeks for ny kommune er innbyggjarvegde gjennomsnitt av distriktsindeksen for dei to kommunane i 2016			-5 412 424	1 493 756
justeringa for lønns- og prisvekst 2016 til 2017 (2,5 %)				366 836
Inndelingstilskot (år 1 - 15, nedtrapping år 16 - 20)				15 040 287

Etter 15 år blir kompensasjon ved inndelingstilskot trappa ned med 1/5 pr år og fell bort etter 20 år.

2. Utslag inntektssystemet ved samanslåing Eid og Selje:

	kroner	kroner
Gradert basistilskot ny kommune	11 676 663	
Basistilskot dagens to kommunar	-25 156 834	
Tap av graderte basistilskot	,	-13 480 171
Distriktstilskot ny kommune (distriktsindeks innbyggjarvegde gjennomsnitt)	6 451 428	
Distriktstilskot dagens to kommunar	-1 551 270	4 900 158
Småkommunetillegg ny kommune	0	
Småkommunetillegg dagens to kommunar	-5 543 000	-5 543 000
Opphopingskriteriet		37 875
Sum reduserte overføringar inntektssystemet ny kommune		-14 085 138

Sum endring i inntektssystemet:

	kroner
1. Inndelingstilskotet avvrunda	15 040 000
2. Sum reduserte overføringar inntektssystemet ny kommune	-14 085 000
Endra rammetilskot (gevinst) ved å slå seg saman år 1 til år 15	955 000

Sum vinst/tap i 20-årsperioden og vidare utover:

År	Sum 0-15	16	17	18	19	20
Vinst/tap	14 325 000	-2 053 000	-5 061 000	-8 069 000	-11 077 000	-14 085 000

Gjennom inntektssystemet vil den nye kommunen (Eid-Selje) få ein berekna årleg vinst på kr 0,955 mill i 15 år frå år 2020. Dette utgjer ein samla vinst på kr 14,3 mill dei fyrste 15 åra. Frå år 16 vert inndelingstilskotet trappa ned med 1/5 årleg i 5 år. Då får den nye kommunen eit årleg tap. Tapet i år 16 vil vere på kr 2,0 mill som vil stige til kr 14,1 mill pr år frå år 20. Dette vil skape store utfordringar for den nye kommunen. Med om lag 9000 innbyggjarar, vil det vere nær umuleg å hente ut stordriftsfordelar på kr 14,1 mill årleg. Dette vil krevje store omleggingar i tenesteytinga i

kommunen. På grunn av dette må den nye kommunen alt frå fyrste år setje av midlar til disposisjonsfond for å vere i stand til å møte nedtrappinga frå år 16.

Andre økonomiske verkemiddel

Eingongstilskot

Kommunar der det blir gjort nasjonale vedtak for samanslåing i reformperioden frå dekkja eingongskostnader og utbetalt ei reformstøtte etter standardiserte modellar.

Dekning av eingongskostnader (utbetalt etter nasjonale vedtak i 2017):

Eid – Selje: **20 mill. kroner** (2 kommunar og 8 854 innb. pr. 2016)

Reformstøtte (utbetalt når det blir ein ny kommune):

Eid – Selje: **5 mill. kroner** (8 854 innb. pr. 2016))

Regionsentertilskot

Frå statsbudsjettet 2017:

I kommuneproposisjonen for 2017 ble det foreslått et nytt tilskudd til mellomstore kommuner som slår seg sammen, og som dermed vil utgjøre et sterkere tyngdepunkt i sin region. Det ble varslet at det settes av 100 mill. kroner til ordningen i 2017 (halvårsvirkning). Fra 2018 vil tilskuddet utgjøre 200 mill. kroner. Departementet foreslår at følgende kriterier legges til grunn for regionsentertilskuddet i 2017:

– *Tilskuddet går til kommuner der det fattes et nasjonalt vedtak om sammenslåing i perioden for kommunereformen.*

– *Tilskuddet går til kommuner som slår seg sammen, og som etter sammenslåingen får over 9 000 innbyggere.*

– *Kommuner som mottar storbytilskudd kan ikke samtidig motta regionsentertilskudd.*

Det foreslås at tilskuddet tildeles dels med en sats per innbygger, dels med en sats per sammenslåing. Satsene settes slik at 40 pst. av det samlede tilskuddet fordeles med lik sats per innbygger, mens 60 pst. fordeles med lik sats per sammenslåing.

Satsene vil bli beregnet når de nasjonale vedtakene om sammenslåing er fattet i 2017.

Budsjettforslag: Det foreslås en bevilgning på 100 mill. kroner i 2017.

Det betyr at tilskot først blir kjende etter at nasjonale vedtak om samanslåing er gjort i 2017.

Tilskot infrastruktur

I framlegg til statsbudsjett vart det sett av 100 mill. kroner i 2017 til infrastrukturtiltak til kommunar som slår seg saman. I budsjettforliket og behandling av endeleg budsjett vart denne summen auka til 150 mill. kroner. Dette er midlar kommunane må søkje på.

Overgangsordningar

I statsbudsjettet for 2017 foreslo regjeringa å innføre ei overgangsordning til kommunar som slår seg saman, men som midlertidig vil få redusert basistilskot i perioden fram til samanslåinga trer i kraft og dei mottek inndelingstilskot på vanlig måte. Det ble lagt til grunn at ordninga omfatta kommunar der det blir fatta eit nasjonalt vedtak om samanslåing i reformperioden, og at disse kommunane skal få full kompensasjon for en eventuell reduksjon i basistilskotet frå 2016 til 2017 som følgje av innføringa av nytt inntektssystem i 2017. I beregninga av ordninga skal det takast omsyn til at delar av denne reduksjonen blir kompensert gjennom inntektsgarantiordninga (INGAR).

Eid og Vågsøy får etter nytt inntektssystem frå 2017 reduksjonar i basistilskotet. Basistilskotet i 2017 er pr. kommune 15,2 mill. kroner. Eid får eit gradert basistilskot på 10,2 mill. kroner (15,2x0,67) og Vågsøy 9,9 mill. kroner (15,2x0,65). Overgangsordninga kompenserer for reduksjon i basistilskot frå 2016 (13,2 mill. kroner) til det nye basistilskotet i 2017, for Eid 3 mill. kroner og Vågsøy 3,3 mill. kroner. Begge kommunane får INGAR før finansiering (Eid kr 39 og Vågsøy kr 53 pr. innbyggjar), men

INGAR er negativ for begge kommunane etter finansiering av ordninga. Selje har ikkje gradert basistilskot etter reduksjon i småkommunetillegget for 2017, og blir derfor ikkje omfatta av overgangsordninga.

For våre kommunar vil det i høve til inntektssystemet på sikt vere særleg negativt at veksten i folketalet truleg vil vere vesentleg lågare enn for landsgjennomsnitt. Verkemiddelet våre kommunar har for ein betre vekst i folketalet vil i hovudsak vere aktiv næringsutvikling.

Innsparingspotensiale ved ei samanslåing?

Sidan det er vurdert som meir kostnadseffektivt å drive ein stor kommune enn ein liten kommune vil inntektene gå ned frå år 15 etter samanslåing. Det vil vere fleire faktorar som avgjer kva og kor stor effektiviseringsgevinst det er mogeleg å ta ut ved ei kommunesamanslåing. Dei vala kommunane tek med omsyn til organisering av administrative funksjonar vil mellom anna vere viktig.

Ei kommunesamanslåing kan gje grunnlag for å hente ut stordriftsfordelar ved meir effektiv administrasjon og tenesteproduksjon. Erfaringane frå tidlegare kommunesamanslåingar viser at det er størst effektiviseringspotensiale for ein administrativ og politisk organisasjon, og at ein unngår doble funksjonar, oppgåver, rutinar og system på ulike område.

Dei minste kommunane har klart høgare utgifter per innbyggjar, noko som gjer at det er størst effektiviseringspotensiale i det å slå saman små kommunar. Når ein nærmar seg kommunestorleikar på 15-20 000 tusen innbyggjarar, viser det seg at stordriftsfordelane knytt til administrasjon i stor grad er realisert. (Telemarksforskning).

I tillegg til innsparing i administrasjon vil ein samanslegen kommune også kunne hente ut innsparingsgevinstar på tenestemråda gjennom realisering av stordriftsfordelar og harmonisering av utgiftsnivået. Ein skal ikkje undervurdere innsparingspotensialet innan tenestemråda, men erfaringar tilseier at det er vanskeleg å hente ut direkte økonomiske effektiviseringsgevinstar for fyrstelineteneste, spesielt for teneste der nærleik til innbyggjarane er viktig.

Og som vi ser av tabellane ovanfor, så må den nye kommunen ha oppnådd ei årleg innsparing i drifta på kr 14,1 mill frå år 20 etter samanslåinga.

Fylkesmannen si endelege tilråding for kommunestruktur

Fylkesmannen si endelege vurdering og tilråding for kommunestrukturen

Fylkesmannen kom med si oppdaterte vurdering og tilråding for kommunestrukturen i Sogn og Fjordane 09.01.17. «Med grunnlag i lokale prosessar med vedtak etter 01.10.2016 i kommunereforma, kjem Fylkesmannen med følgjande oppdatering av tilrådinga: Vi tilrår samanslåing av kommunane Selje og Eid frå 2020. Som alternativ held vi fast på tidlegare tilråding om samanslåing av Selje og Vågsøy.» Fylkesmannen gir uttrykk for at den beste løysinga er at kommunane Vågsøy, Selje og Eid slår seg saman til ein ny stor kommune, men sidan reforma er basert på friviljuge løysingar, så ønskjer ikkje Fylkesmannen å tilrå dette. Det er ikkje grunnlag for å seie at det stengjer for ei fornuftig samanslåing om ikkje Vågsøy blir med. «..... ein ny kommune mellom Selje og Eid kan bidra til å sikre betre og likeverdige tenester til innbyggjarane. Det vert lettare for den nye kommunen å skaffe tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse, ein meir berekraftig økonomi og eit styrka lokaldemokrati. Gjennom intensjonsavtalen ligg det til rette for å utvikle eit funksjonelt område for ei heilskapleg samfunnsutvikling, både lokalt og regionalt. Vidare bygging og etablering av den nye kommunen må skje på grunnlag av intensjonsavtalen som er inngått mellom kommunane.»

Den optimale løysinga ?

Det er no lite realistisk å dra med Vågsøy inn i ein ny kommune. Frå rådmannen sin ståstad ville ein ny kommune med Eid, Selje og Vågsøy vore optimalt. Dette ville skapt ein kommune på kring 15.000 innbyggjarar med god balanse på næringsliv og eit tyngdepunkt på kysten. Ein slik storleik ville gitt stabilitet og robustheit til også å ta på seg nye oppgåver.

Vi ser no stort engasjement både mellom kommunar og internt i kommunane. Det negative engasjementet på Bryggja området og sørre delar av Selje ville vore unngått i ein slik struktur. Etter rådmannen si oppfatning er dette engasjementet følelseslada og i liten grad tufta på vurderingar av kva kommune som vil vere best egna til å møte framtida i eit lengre perspektiv. Ein slik kommune ville hatt ein storleik som var i tråd med reforma sin opprinnelege intensjon, den ville gjeve ein balansert næringstruktur og vore av ein storleik som kunne vore eit tyngdepunkt i vidare forhandlingar mot sør og nord for etablering av samarbeid langs kysten.

I møte mellom Flora, Vågsøy, Bremanger og Selje 10.01.17 kom det tydeleg fram frå dei andre kommunane si side at den overordna målsetjinga no er å etablere og utvikle eit forpliktande samarbeid på tenester med sikte på ein ny kommune på kysten. For Selje sin del vil det ikkje vere ein funksjonell ny kommune. Kommunesenteret vil då naturleg verte lagt til Florø med ein reiseavstand med bil på ca 3 timar inkludert ferje. Alternativet er også på kort sikt urealistisk med dei vurderingane Bremanger har gjeve uttrykk for.

Konklusjon

Rådmannen tilrår Selje kommunestyre å vedta å byggje ein større og meir robust kommune for framtida saman med nabokommunar. Tilrådinga byggjer på ei heilskapeleg vurdering der føremålet er å sikre grunnleggjande tenester til innbyggjarane og samtidig etablere ein kommune som er i stand til å utvikle lokalsamfunna og sikre befolkningsvekst. Det er ein klar risiko for at Selje kommune aleine i periodar i framtida ikkje klarar å gje likeverdige tenester som i større kommunar innan ei rekkje felt som helsetenester, barnevern, rus, psykiatri. Etter rådmannen sin vurdering vil ein ny kommune bestående av Eid, Selje og Vågsøy ha storleik og kapasitet til å sikre drift og kvalitet på tenestene, vekst og utvikling både på kysten og mot meir sentrale delar av Nordfjord.

Slik situasjonen no framstår vil konklusjonen vere at Selje og Eid kommunar vert slått saman til ein ny kommune.